# Årsmelding - Økonominemnda – 2017

Økonominemnda har i år hatt denne samansetninga:

- Wenche Aursnes (gjenvalgt i 2017)
- Siri Holm Sundgot (ansvar sponsormidlar)
- Torill Haddal
- Hege Ertesvåg
- Jeanette Sundgot (sponsormidlar) (ny i 2017)
- Lene Bjåstad (ny i 2017)
- Tore Skoge (ny i 2017)

Torill Haddal har representert Økonominemnda i Hovudstyret.

**AKTIVITETER:**
Økonominemnda kom litt seint i gang i 2017, men har hatt bra aktivitet utover året. Arbeidet for økonominemnda har vært krevjande da oppdatert medlemslister ikkje var tilgjengeleg. Den planlagde båtvasken på Kleven Verft AS i slutten av året er blitt flyttet til neste år. Dette førte til lågare inntekter i 2017 enn planlagt.

Det er arrangert 2 klubbkveldar, haustlotteri, lynlotteri, familiedag og fyrverkerisal i 2017.
Aktive og foreldre er dugnadsvillige, så dette hjelper arbeidet til økonominemda.

| **Utførte aktivitetar frå økonominemnda i 2017** | | |
|---|---|---|
| **Aktivitetar** | **Tidspkt.** | **Inntekt** |
| Klubbkveld | 02.jun.17 | 5 620 |
| Lynlotteri | 07.jun.17 | 7 910 |
| Familliedag | 03.sep.17 | 18 188 |
| Klubbkveld | 28.okt.17 | 2 850 |
| Haustlotteriet | Okt.-nov 17 | 51 945 |
| Fyrverkerisal | 27.-30.des 17 | 27 306 |
| **Inntekt aktiviteter 2017** | | **113 819** |

*Klubbkveldar* er ein positiv aktivitet for 3.klasser og oppover.
*Lynlotteriet* ble gjennomført ein kveld, med gåvekort pizza frå Napoli som gevinst. Ein aktivitet med lite arbeid, og der dei aktive unge kan være med sjølv.
*Familiedagen* ble arrangert samtidig som trimgruppen arrangerte Hasundgotrypa. Det var sal av brennsunt, kaker og tombola, i tillegg til diverse aktiviteter som hesteskokasting, lykkehjul og kast på boks.
*Haustlotteriet* gav lågare inntekter enn tidligare år, dette skyldas færre aktive medlemmer i 2017.
*Fyrverkerisal* er gjennomført for 3 året. Det er mye arbeid med denne aktiviteten, og A-laget gjer ein kjempeinnsats på denne aktiviteten. Godt gjennomført aktivitet og oppfatninga er at det er vanskelig å få meir sal frå salsbuda ved Straumane.

**SPONSOR:**
Sponsorinntektene held seg stabilt i 2017. Vi fornya samarbeidsavtaler med nesten samtlige sponsorer som gikk ut i 2017, men noen har valt å redusere sponsorbeløpet og eller ikkje inngå fleirårige avtaler. Totalt er det stor velvilje frå bedriftene rundt om i regionen, sjølv om det har vore dårlige tider.
Da idrettslaget har inngått avtale med ny utstyrsleverandør; Macron er det beslutta at nye drakter skal ha reklame på seg. Arbeid med inn henting av sponsorer er begynt, men vil bli avslutta i 2018. Avtalen med hovedsponsor Sparebanken Møre er reforhandla, og gjelder nå fram til 2020, i tillegg har vi fått ein god avtale med Spar. Dette er ein ny sponsor.

Leiar økonominemnda Torill Haddal